

# 74-åring opnar nettbutikk

-Noko skal vel også ein senior drive med, seier 74 år gamle Gudrun Rygnestad frå Valle. Ho er busett i Arendal og kjend for sine jolenissar året rundt. I førre veka opna ho eigen netthandel.

**Tekst: Sigurd Haugsgjerd**

**Foto: Ole Birger Lien**

Du finn henne på [www.nissefabrikken.no](http://www.nissefabrikken.no) Der byr ho fram alt frå handlaga nissar og setesdalsdokker til trefigurar, lillelev og mykje anna handarbeid. I helga var ho også heime att i dalen for å vere med på Bykle husflidslag si jolemesse i Lislestog i Henriksen-tunet midt i Bykle kyrkjebygd.

Gudrun Rygnestad er fødd og oppvaksen på Rygnestad i Valle, men har i det meste av sitt vaksne liv budd i Arendal.

-Likevel kjenner eg meg som utflutt valldøle. Eg har hytte ved Bjomevatn og er framleis setesdøl, seier ho. Dessutan er ho ein svært aktiv og verksam pensjonist.

-Også me som har kome litt opp i åra, må vel ha noko å stelle med,



Gudrun Rygnestad (74) opphavleg frå Valle, men busett i Arendal, var i Bykle i helga med nissar og jolelepser til husflidslaget si jolemesse i Lislestog i Henriksen-tunet. No har ho også opna nettbutikk.

seier Gudrun Rygnestad og fortel om lange dagar med handarbeid og baking. Då ho var i Bykle i helga, hadde ho også med seg jolelepser og anna tradisjonsmat.

**Ser ikkje på fjernsyn**

-Eg ser ikkje så mykje på fjernsyn

om kveldane. Difor kan eg drive med handarbeid. Dessutan er eg tidleg oppe og får gjort mykje for mange andre har kome i gang for alvor, seier ho.

-Det er ikkje mange 74-åringar som opnar nettbutikk. Driv du åleine med

dette, eller har du fleire produsentar bak deg?

-Eg har ikkje hjelp til eitt einaste sting eller ei maske, seier Gudrun Rygnestad med tru på at nettbutikken kan gjere det godt i jolehandelen framover.